

”Sofie-samtale”

Samtala som pedagogisk verkty i barnehagen

Synneva Helland

”Sofie-samtale”

Samtala som pedagogisk verkty i barnehagen

*Eit samarbeidsprosjekt mellom Torvmyrane skule og barnehage
og Høgskulen i Sogn og Fjordane 2004 - 2005*

*Synneva Helland
Avdeling for lærarutdanning og idrett
Høgskulen i Sogn og Fjordane
2005*

Innholdsliste

INNLEIING	3
BAKGRUNN, SAMARBEIDSPARTAR OG LOKAL RELEVANS	3
KVA ER FILOSOFERING MED BARN?	5
MÅL OG METODE.....	6
GJENNOMFØRING.....	6
DEN VAKSNE SOM SAMTALEPARTNAR	7
FILOSOFISAMTALER	7
FRAMDRIFT OG ERFARINGAR UNDERVEGS	8
SKISSE TIL ARBEIDSMODELL.....	10
DEN VAKSNE SI ROLLE.....	12
FILOSOFISK SAMTALE MED 5-ÅRINGAR - ETTER MODELL AV KARIN MURIS	13
VURDERING AV PROSJEKTET	14
PERSONALET SINE VURDERINGAR	15
KONKLUSJONAR – OG TANKAR OM VEGEN VIDARE	16
LITTERATUR	18
VEDLEGG	19

Innleiing

Leiarar for utviklingsprosjektet¹ i barnehagen ved Torvmyrane skule er inspektør Sissel Brunsvik og førsteamanuensis Synneva Helland, Avdeling for lærarutdanning og idrett, Høgskulen i Sogn og Fjordane. Ei prosjektgruppe fungerer som drøftingspartnarar når det gjeld framdrifta i prosjektet. I prosjektgruppa er desse med: førskulelærer Mona Engeland, førskulelærer Sonja Kapstad Nygaard, assistent Kari Anne Nygård og assistent Liv Klubben.

I brev av 17.12.03 frå Utdannings-og forskningsdepartementet til Høgskulen i Sogn og Fjordane, som handlar om tildeling av midlar for 2004, skriv ein dette om forskning og utviklingsarbeid, pkt 2.1 Resultatmål for 2004:

”Høgskulen skal utvikle langsiktige FoU-strategier, styrke FoU-virksomheten og påta seg oppgaver innenfor både kompetanseutvikling og forsknings- og utviklingsvirksomhet for å styrke regionen. Det er derfor viktig at FoU-strategiene ved høgskolen blir utviklet i samarbeid med det lokale nærings- og samfunnslivet, mellom fagmiljøene og med andre læresteder i Norge og utlandet. Høgskolen skal styrke samarbeidet mellom profesjonsutdanningene og yrkesfeltet om opplegg for å utvikle relevant praksisopplæring og mer yrkesrettet FOU” (UFD 2003).

Prosjektet eg har hatt saman med Torvmyrane skule er eit eksempel på slik FoU-verksemnd som departementet ynskjer at vi skal drive med. Det er dessutan knytt til eit samarbeid som Torvmyrane skule har med lærar Sanne Nielsen ved H C Andersen Skolen i Odense.

Samarbeidsprosjektet starta hausten 2003, men då hadde eg berre 75 t knytt til arbeidet. Studieåret 04-05 fekk eg midlar frå Lokalforskningsprogrammet tilsvarande 114 t, og i tillegg har eg brukt 70 t av den ordinære FoU-tida mi. Torvmyrane skule har dessutan betalt reise og overnatting når det gjeld besøka mine. Dette gjorde at vi kunne utvide prosjektet og arbeide meir systematisk med områda kommunikasjon og filosofiske samtaler i barnehagen dette studieåret. Torvmyrane skule sitt hovudansvar har vore å legge til rette miljøet i barnehagen på ein slik måte at prosjektet fekk ei god ramme. Vidare har skulen gitt rom for kompetanseheving av personalet, og dei tilsette har hatt hovudansvar for å prøve ut ideane vi saman har funne fram til.

Bakgrunn, samarbeidspartar og lokal relevans

Torvmyrane skule i Florø starta opp i 1998 og inneheld både ei skuleavdeling med klasse-trinna 1-7, innføringsklasse (framandspråklege elevar), SFO og ein barnehage med 5 avdelingar. I september 2004 var det 73 barn i barnehagen. Skulen er øvingsskule for praksis både på allmennlærlina og førskulelærlina ved Avdeling for lærarutdanning og idrett (ALI), så skulen er ein viktig samarbeidspart for HSF.

I Torvmyrane skule sitt handlingsprogram for 2005 står dette om skulen sin pedagogiske profil: *”Hovudelementa er: 1) Howard Gardners teori om mange intelligensar² og kva dei har å seie for borns læremåtar og vår tilrettelegging av læringsmiljøet. 2) Filosofisk samtale med*

¹ Jrf. fou-utvalet sin definisjon av utviklingsarbeid i ”Fou for mening og mangfald”, HSF 1999: pkt 3.1.2

² Jf. Armstrong 1999

born. 3) Tema og prosjekt der arbeidsformene oppmuntrar borna til å velje sjølvstendig og søkje svar på eigne spørsmål” (Torvmyrane skule 2005).

Torvmyrane skule har som mål å utvikle eit fellesskap rundt organisasjonen der kommunikasjonen er prega av gjensidig tillit mellom barn og vaksne. Filosofiske samtaler er eit av tiltaka for å nå dette målet. Skulen arbeider etter ein dansk modell med daglege filosofiske samtaler med alle elevane i skulen frå 1. til 7. klassesteg. Konseptet ”*Filosofi med barn*” er utvikla ved tidlegare Danmarks lærerhøjskole (no: Danmarks Pædagogiske Universitet) sin avdeling i Odense.

Studieåret 2002-2003 var to pedagogar ved barnehagen på Torvmyrane skule studentar ved vidareutdanninga *Pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagen* ved HSF. I samband med studiet gjennomførde dei eit prosjekt der dei prøvde ut filosofiske samtaler med 5-åringane i barnehagen etter den danske skulemodellen. Konklusjonen deira var at dette ikkje fungerte godt nok i barnehagen i den forma som vart utprøvd (Brunsvik og Engeland 2003).

Våren 2003 fekk eg førespurnad frå rektor og inspektør for barnehagen, om eg kunne gå inn i eit samarbeid med personalet for å tilpasse det danske konseptet til bruk i barnehagen. Bakgrunnen for førespurnaden var at eg har god kjennskap til den danske modellen etter fleire studiebesøk og samarbeid gjennom mange år med lærar Sanne Nielsen ved H C Andersen Skolen. Nielsen har saman med fagfilosof Ebbe Vestergård vore med på å utvikle konseptet, og i 2003 gav dei ut ei bok om temaet (Nielsen og Vestergaard 2003). Nielsen har tidlegare hatt eit personalseminar med tilsette ved Torvmyrane skule, og mange av personalet har vore på studieopphald ved hennar skule i Odense. Erfaringane med systematiske filosofiske/etiske samtaler med barna er svært løfterike, seier leiargruppa ved Torvmyrane skule. Dei opplever at det gjer noko med arbeidsmiljøet i tillegg til at barna begynnar å tenkje på ein ny måte. Men dei peikar også på at personalet treng å utvikle seg vidare (Torvmyrane skule 2004).

Førskulebarn er på eit anna språkleg nivå enn skulebarn, noko som gjer at den filosofiske samtala må ha ei anna form og gå føre seg i ein annan kontekst i barnehagen enn i skulen. Eit samarbeid med HSF vart viktig for Torvmyrane skule i denne prosessen.

Studieåret 2003-2004 nytta eg eiga FoU-tid til prosjektet, noko som gav oss høve til å kome i gang med samarbeidet. Barnehagen fekk tildelt eit stipend til prosjektet frå HSF og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane hausten 2003. Hausten 2003 heldt eg eit seminar (personalmøte) med barnehagepersonalet. Vidare var eg i desember same året saman med fire tilsette ved Torvmyrane skule på eit dagsseminar i Oslo om filosofi med barn, arrangert av Høgskulen i Oslo. Inspektør Brunsvik og eg hadde jamnlege samtaler og møte med gjensidig utveksling av informasjon. I denne fasen var også fagleg oppdatering viktig. Dette året prøvde personalet seg sporadisk på filosofiske samtaler med barn i ulike kontekstar. Det gjorde personalet i barnehagen meir medvitne om si eiga rolle i samtalene med barna. Dei var interesserte i å halde fram det faglege samarbeidet, og etterlyste meir kunnskap om kommunikasjon generelt, og om dialogen og den filosofiske samtala spesielt. Kunnskap om temaet varierer mykje i personalgruppa, då førskulelærarane i si utdanning har mykje formell kunnskap om emnet, medan assistentane ikkje har det.

Våren 2004 såg vi at det måtte ei breiare kompetanseheving til innan dette feltet, slik at alle tilsette kunne få ein felles basis, både assistentar og førskulelærarar. Vi ynskte å gi personalet kunnskap som var knytt til den konkrete konteksten som dagleglivet i barnehagen er.

I vårt land er det lite som er gjort innan dette feltet i barnehagar, men vi veit at det finst nokre spreidde forsøk rundt om. Svært lite er skrive utover ei hovudfagsoppgåve som Dag Erik Hovlund skreiv om emnet i 2004. Oppgåva omtalar eit forsøk med filosofiske samtalar med barn i ein barnehage, men er i hovudsak teoretiske beskrivingar og vurderingar. For oss som var interesserte i den praktiske gjennomføringa er det difor lite å hente her. Olsholt og Schelderup (2005) refererer i ein kort artikkel til eit prosjekt der dei har vore involverte i det dei kallar "eit opplæringsprosjekt i filosofisk samtalekunst" i Helset barnehage i Bærum. Moy (2005) har også ein kort omtale av eit forsøk med filosofiske samtaler i ein barnehage i Kristiansand.

Kva er filosofering med barn?

Filosofi tyder " *kjærleik til visdom*" (Kunnskapsforlaget 2005), og handlar mellom anna om å undre seg saman. Filosofi handlar også om å øve opp evna til kritisk tenking, noko som er viktig i eit demokratisk samfunn. Ikkje alle spørsmål er filosofiske. "Kva ska vi gjere på i helga?" er ikkje eit filosofisk spørsmål, men spør ein "Kva er ein god lærar?" så er det eit filosofisk spørsmål.

I brev til fylkesmannen i Sogn og Fjordane formulerer leiinga ved Torvmyrane skule seg slik om arbeidet med filosofi:

"I vår tilnærming til filosofi med barn er dette ein viktig del av all opplæring, ikkje eit eige fag. Den filosofiske samtalen er ein autentisk, likeverdig og utprøvande samtalesituasjon der barna får trening i å tenkje, å undre seg, å utdjupe begrep og å byggje opp sine eigne verdiar gjennom å snakke om etiske problemstillingar. Dei skal utvikle eiga erkjenning i samspel med andre, og må formulere seg forståeleg, argumentere for synspunkt, lytte til andre. Målet er at barna skal kunne forholde seg spørjande til eigen eksistens og til verda omkring. Utgangspunktet for samtalen kan vere tekstar, bilete, faglege tema, aktuelle hendingar, omgrep. Sidan det er barna sine tankar og erkjenning som er det sentrale, kan ikkje den voksne sitte med det endelege svaret. Den voksne regulerer samtalen og sørgjer for at mange perspektiv kan få komme fram. Filosofi med barn blir for oss difor meir ein måte å forholde seg til andre personar på enn eit eige fag, men samstundes ein metode som oppmuntrar til å gå djupt i faglege tem" (Torvmyrane skule 2004).

Dette er essensen i personalet/leiinga si forståing av filosofi med barn, både i skulen og i barnehagen. Vi tek utgangspunkt i arbeidet til Sanne Nielsen, som arbeider med dette frå barnehageklassenivå og opp til 10. klasse. Hennar metode omfattar heile undervisningssituasjonen i skulen, medan vi i vårt barnehageprosjekt fokuserer på ein komponent: den filosofiske samtala. Vi trur likevel på at ved å arbeide med samtala på denne måten - og auke personalet sin kunnskap og kompetanse på dette området - får vi eit godt verkty som vi også kan bruke meir generelt i arbeidet i barnehagen. Det vil påverke haldningane våre og dermed arbeidet vårt.

Det er aldri for tidleg å starte med filosofisamtaler, fordi barn er i utgangspunktet svært undrande og lurer på det meste. Barn er ikkje gamle før dei byrjar å stiller kvifor-spørsmål. Ein kan spørje seg om barna stiller færre kvifor-spørsmål til eldre dei blir?

Når ein skal ha filosofisamtaler i barnehagen er det viktig at dei som har samtalene er personar som barna kjenner godt og er trygge på,. Dette gjeld særleg når ein samtaler om verdiar. Måten ein gjennomfører samtalene på må tilpassast barnet sin alder, og difor er det dette vi har fokus på i prosjektet.

I det følgjande gjer eg greie for måla for prosjektet, metodar vi har nytta og grunnlaget for dei data som rapporten bygger på.

Mål og metode

Målet har vore å utvikle samtala mellom barn og vaksne i barnehagen slik at ein styrkjer barna sitt sjølvbilete og språklege utvikling, og stimulerer barnet til læring, bruk av fantasi og undring. Samtala er også ein måte å arbeide med sosial kompetanse på, der barna utviklar haldningar, verdiar og korleis ein skal opptre overfor kvarandre. Dei vaksne må då sjølve utvikle ein god samtalekunst, kommunikasjon og dialog med barna.

Målet er såleis fleirsidig:

- utvikling av samtala mellom barn og vaksne generelt, og den ”filosofiske samtala” spesielt
- kompetanseheving og bevisstgjerung av personalet som gode språkmodellar og samtalepartnarar i det daglege arbeidet i barnehagen
- at kompetansehevinga kjem utviklinga til barna i barnehagen til gode gjennom praksis.

I prosjektet har vi arbeidd ut frå denne problemstillinga:

Korleis kan vi utvikle samtala til eit betre pedagogisk verkty i barnehagen – både samtaler generelt og den filosofiske samtala spesielt?

Gjennom besøk på skulen, samtaler med personalet og deltakande observasjonar har eg blitt kjend med barnehagekvardagen ved Torvmyrane. Personalet har gjort systematiske observasjonar gjennom heile perioden og skrive refleksjonsloggar undervegs. Vi har hatt samtaler og drøftingar – både uformelle og meir formelle knytt til personalmøta, og personalet har i tillegg svara på eit spørjeskjema (våren -05). Det har vore eit tett og godt samarbeid mellom dei involverte partane i prosjektet.

Datagrunnlaget for rapporten er av kvalitativt slag, henta frå observasjonar og referat frå personalmøta, samtaler med enkeltpersonar i personalet og observasjonar i barnegruppene. Vidare er informasjon henta frå personalet sine samtaleutskrifter - både frå planlagde filosofiske samtaler og samtaler i det daglege arbeidet med barna. Enkelte samtaler har vore teke opp på lydband før utskrift. Personalet har også skrive refleksjonsloggar i etterkant av gjennomførte samtaler.

Gjennomføring

Sosial og kommunikatív kompetanse er noko av det viktigaste barn kan tileigne seg i barnehagen. Rammeplan for barnehagen (BFD 1996) understrekar at dette er eit hovudområde som skal vektleggjast i arbeidet.

Kommunikasjon mellom barn og vaksne i barnehagen er eit interessant felt som det er forska lite på, når ein ser bort frå forskning knytt til områda språkutvikling, språkstimulering og kommunikasjon generelt. Det fins noko forskingslitteratur som fokuserer på *anerkjennande kommunikasjon* med barn i barnehage (Bae 1996 og 2004). Når det gjeld litteratur som har fokus på *filosofiske samtaler* i barnehagen, er det svært lite ein direkte kan støtte seg til, og prosjektet får difor karakter av nybrottsarbeid. I tillegg til didaktisk faglitteratur knytt til

filosofi i skulen (Børresen og Malmhøster 2003, Brenifier 2004), har tre bøker som beskriver det pedagogiske arbeidet i Reggio Emilia i Italia (Barsotti 1986 og 1997, Jonstøij og Tolgraven 2003) vore ei inspirasjonskjelde i vårt arbeid.

Den vaksne som samtalepartner

I prosjektet har eg hatt eit særleg ansvar for at personalet samla skulle få breiare kunnskap om kommunikasjon med barn, med særleg fokus på samtala. Eg har helde seminar for personalet undervegs i prosessen. Den teoretisk ramma for dette arbeidet har vore *anerkjennande kommunikasjon* slik det vert beskrive av Bae (1996 og 2004) og Schibbye (2002). Bae og Schibbye byggjer på pragmatisk kommunikasjonsteori, der det er ein premiss at menneske kommuniserer på fleire nivå samstundes. Eit aspekt er *temaet* i interaksjonen, som vanlegvis vert formidla verbalt. Eit anna aspekt er *metakommunikasjonen*, dvs kva slags opplevingar personen uttrykkjer i forhold til temaet. Det tredje aspektet er *definisjonen av forholdet*, noko som refererer til korleis partane sin kommunikasjon er med på å bestemme kva handlingar som kjem til uttrykk i kommunikasjonen, dvs kva rollar dei får i kommunikasjonen. Ein samspelssekvens inneheld altså ut frå dette både *tema*, *kjensler* og *handling*. Desse prosessane har personalet fått kunnskap om, noko som har gjort dei meir medvitne i samtaler med barn. Denne kunnskapen er også basis for arbeidet med dei filosofiske samtalene i barnehagen.

Filosofisamtaler

I tidsskriftet Barnehagen skriv i inspektør for barnehagen, Sissel Brunsvik, om arbeidet med filosofiske samtaler i barnehagen:

”Gjennom filosofisamtalene ønskjer vi å få barna til å undre seg, bruke fantasi, setje ord på tankane, lære å stille spørsmål, lytte og ta andre sitt perspektiv. Den filosofiske samtalen skal vere ei gjensidig samtale mellom vaksne og barn, der det ikkje er rette eller gale svar. Det er undringa og ettertanken som tel, og ikkje minst respekten for andre sine syn. På den måten kan vi bidra til barna si heilskaplege danning. Føremålet med filosofisamtalene er å få vite meir om korleis barn tenkjer og å skape ein god kommunikasjonssituasjon der barna og vi vaksne saman kan reflektere over ulike problemstillingar” (Brunsvik 2004:16).

Brunsvik skriv også om utfordringane personalet står ovafor, med bakgrunn i dei utprøvingane ein har gjort fram til våren 2004:

”Utfordringane hos personalet har vore korleis stille spørsmål. Ein kunst er det også å kunne stille gode nok oppfølgingsspørsmål. Dei planlagde spørsmåla vert berre ei rettesnor. Mange seier no at dei har begynt å stille spørsmål ved det barna seier på ein ”ny” måte. Når barna spør om noko, sender personalet spørsmålet tilbake til barnet, som: Kva trur du sjølv? Korleis veit du det? Vi må avmystifisere omgrepet filosofi og i barnehagen bruke filosofien for å utvikle ein god samtalekunst. Korleis kan ein bli ein dyktig ”samtalekunstnar”? Poenget er å lære seg å reflektere, stille spørsmål, argumentere lytte og tenkje på andre måtar. Alle må vise respekt for kvarandre. Filosofi er å vere lydhør. For at ein samtale skal bli filosofisk og ikkje berre vanleg prat, krevst det at den vaksne også spør om det som verkar sjølvst. Målet må vere at vaksne og barn klarer å undre seg saman. Barna kan vere mykje flinkare enn vaksne til å undre seg og dei må få oppleve at tankane og erfaringane deira er verdfulle. Sjølv om vi veit at små barn er kompetente, har vi igjen blitt overraska over kor reflekterte og kunnskapsrike barn kan vere. Dette er eit utruleg spanande arbeid som vi berre er i startgropa med og som vi vil utvikle vidare” (Brunsvik 2004:17-18).

Samarbeidsprosjektet vårt er nettopp å vidareutvikle dette spanande arbeidet som Brunsvik beskriv her. I prosjektet har vi hatt fokus på to ulike typar filosofiske samtaler:

- *Den planlagde samtala.* Her har den vaksne planlagt både tid, stad og tema for samtala, i byrjinga også spørsmål som ein ville stille under samtala.
- *Den spontane samtala.* Dette er samtaler som oppstår når som helst og kvar som helst i barnehagekvardagen. Eit "gyllent øyeblikk", der utfordringa for den vaksne er å vere medviten om dette og gripe "øyeblikket". Det er viktig å bruke tid på samtala og å stimulere barnet si tenking, i erkjening av at dette er viktig for barnet si utvikling.

Framdrift og erfaringar undervegs

Eg har vore på Torvmyrane skule to gonger i haustsemesteret (september og november), og ein gong i vårsemesteret (februar) begge gonger i samband med personalmøte. Besøka har gått over fleire dagar. Ved kvart besøk har eg vore på avdelingane og hatt samtaler med enkeltpersonar og grupper i personalet. Eg har delteke på prosjektmøte og fleire møte der leiinga ved skulen og dei pedagogiske leiarane på avdelingane er tilstades. Eg har vore observatør ved gjennomføring av filosofiske samtaler, hatt møte med rektor og inspektør, og planleggingsmøte for den vidare framdrifta. Mykje av kommunikasjonen og drøftingane med Brunsvik har elles gått via telefon, e-post og post.

På personalmøtet i september drøfta vi dei erfaringane vi til då hadde gjort, og fekk fram kva personalet tenkte, gjorde eller hadde behov for å få støtte på, også i høve til filosofiske samtaler. Problem som kom fram var mellom anna at ein på avdelingane strevar med å finne eit tidspunkt for samtala. I enkelte barnegrupper er det svært små barn, noko som gjer det vanskeleg å gjennomføre samtaler med heile barnegruppa. Somme vaksne er engstelege for å prøve seg på filosofisamtaler, syns det er vanskeleg og er redde for å gjere "feil". Dei ynskjer rettleiing frå andre vaksne om korleis dei skal stille spørsmål. At det er vanskeleg å gjennomføre ei planlagt filosofisk samtale, var noko dei fleste var einige i. Likevel meiner alle at å gjere det, å skaffe seg erfaring med det, er den einaste måten å bli betre på. Somme refererte også til vellukka samtaler, og kor kjekt det var både for barn og vaksne når dei opplevde at dei lukkast.

Det er også ei utfordring å få barna til å diskutere seg i mellom. Kommunikasjonen har lett for å bli etter mønsteret V – B – V – B mykje meir enn B – B – V – B – B – B. Det er også registrert at barna stiller heller få spørsmål sjølve, men prøver å finne "rette" - eller forventa - svar i forhold til dei spørsmåla som den vaksne stiller. Vi drøfta korleis vi kan samarbeide på tvers av avdelingane. Vi treng å gi kvarandre tips og respons og hjelpe kvarandre. Spørsmålet om kva tema som er best egna for slike samtaler kom også opp. Fleire poengterte at samtala må ha tema som "freistar" barna, dvs spørsmål som er interessante for dei.

Personalet gav uttrykk for at dei også kan nytte kunnskapen om filosofiske samtaler i situasjonar som oppstår spontant i det daglege arbeidet. Dei er no meir medvitne om å gripe sjansen når den byr seg. Vi drøfta forskjellar og likskapar mellom ei vanleg samtale og ei filosofisk samtale. Den filosofiske samtala, slik vi har prøvd den ut i haust, skil seg mellom anna frå ei vanleg samtale ved at den har vore planlagt, i den forstand at personalet har førebudd samtaleemnet.

På personalmøtet i oktober var eg ikkje tilstades, men eg var med på planlegging av møtet. Personalet tok då føre seg "gyldne øyeblikk" i samtaler med barn, og hadde erfaringsutveksling i forhold til det som personalet har opplevd som "gode" samtaler med barna. På møtet arbeidde personalet gruppevis ved kvar avdeling med ei utskrift frå ei filosofisk samtale som tidlegare har vore gjennomført. Dei gjorde ei analyse av samtala, samt drøfta kva som kunne vore gjort betre. Utgangspunkt for diskusjonen var: Er dette verkeleg *ei filosofisk samtale*, eller berre *ei vanleg samtale*? Eit eksempel var til dømes ei filosofisk samtale der

den vaksne ønskte å fokusere på det ”å være glad”. Denne samtala tok utgangspunkt i ein tur i skogen med barna, men dette viste seg å bli for vanskeleg for barna å forstå. Store deler av samtala vart berre eit referat av kva dei hadde gjort og opplevd på turen. Hadde det vore betre å setje fokus på omgrepa ”glad” og ”lei seg” frå starten av – og snakke om når vi er slik, eller om kva hendingar som gjer oss glade eller leie?

Det skal også nemnast at personalet hadde eit dagskurs den 11. oktober med pedagog Kari Pape. Kurset hadde tittelen: *Frå ord til handling. Frå handling til ord*. Fokus vart sett på utvikling og dokumentasjon av kvalitet i barnehagen med Rameplan for barnehagen (BFD 1996) som utgangspunkt. Stikkord som planlegging, arbeidsmåtar, kvardagsopplevingar, kompetanse og evaluering vart sette i fokus. Felles for denne kursdagen og prosjektet vårt, er fokuseringa på kvalitet i barnehagekvardagen. Sjølv om kurset hadde ei litt anna vinkling, er likevel mykje av stoffet også relevant for vårt prosjekt, og personalet uttrykte at dei opplevde at det heng i hop, og kunnskap frå det eine feltet støttar opp om det andre.

Anerkjennande kommunikasjon

Som ei vidareføring heldt eg seminar 9. november med fokus på temaet *anerkjennande kommunikasjon* med utgangspunkt i Bae si forskning. Eg hadde først ein teoretisk gjennomgang av temaet anerkjennande kommunikasjon, som er ei samtaleform som bygger på den vaksne si evne til å forhalde seg open, sensitiv og inkluderande til barns indre verkelegheit og sjølvforståing. Det inneber at den vaksne må gi opp sin kontroll over - og makt til - å definere ”verkelegheita”, og i staden etablere ein likeverdig relasjon. ”*Anerkjennelse er en væremåte eller en holdning, ikke en kommunikasjonsteknikk*” seier Bae (2004).

Etter den teoretiske gjennomgangen vart det arbeid i mindre drøftingsgrupper. Vi hadde oppsummering i plenum til slutt. Personalet drøfta både si forståing av omgrepet anerkjennande kommunikasjon, og prøvde å setje ord på skilnaden mellom denne typen kommunikasjon eller samtale, og den filosofiske samtala. Somme meinte at det er enklare å vere anerkjennande i ei spontan samtale enn ved ei planlagt filosofisk samtale. I ei filosofisk samtale har ein kanskje for mange *planlagde* spørsmål? Tema kan fort bli styrande og den vaksne kan kome til å styre svara i ei bestemt retning? Personalet meinte at det vil vere nyttig å tenkje i kategoriane til Bae (2004) om *opne* versus *tronge* samtalemønster.

Når personalet ser tilbake på erfaringane med sine eigne planlagde filosofiske samtaler, kan det sjå ut til at tema som på førehand er definert av vaksne, har ein tendens til å starte litt ”trongt”. Likeeins må ein som vaksen vere medviten om bruken av opne og lukka spørsmål. Vi vaksne brukar vår definisjonsmakt, slik som Bae uttrykkjer det, men vi må vise respekt for barnet i samtala. Personalet viste elles stor interesse og entusiasme denne kvelden, og tilbakemeldingane etterpå var gode. Personalet fekk i oppgåve dei næraste vekene å skrive små refleksjonsloggar kring anerkjennande kommunikasjon med utgangspunkt i eigne, spontane samtaler med barna (vedlegg 1). Målet var å gjere personalet medvitne i forhold til samtala ved å sjå tilbake, og gjennom refleksjon stille seg spørsmål av typen: ”Var eg anerkjennande i samtala med barna?”, ”Kva rolle hadde den vaksne?”, ”Korleis responderte barna?” Loggane inngår i datamaterialet vårt.

Den filosofiske samtala

Personalet i barnehagen har heile året arbeid systematisk med planlagde filosofiske samtaler med barna ved alle dei 5 avdelingane i barnehagen. Kvar avdeling har hatt faste, planlagde samtaler med dei eldste barna i barnehagen kvar veke. Personalet har også prøvd planlagde filosofisamtaler med dei yngste barna (3-4 år) og også med einskildbarn i ”her og no” situa-

sjonar som har oppstått spontant. Samtalene vart såleis gjennomførde i ulike gruppestorleikar: i heile barnegruppa, i smågrupper på 4-6 barn og med einskildbarn. Alle avdelingane har ein fast stad der dei gjennomfører planlagde filosofiske samtaler, og nyttar også ”effektar” som til dømes ein spesiell duk, lys på bordet og teppe på golvet. Ei avdeling, friluftsgruppa i lavoen, har kjøpt eit stort blått tøyestykke/teppe som dei henger opp for å avgrense eit eige ”rom” i teltet til bruk ved samtala. Barna sit tett saman på reinsdyrskinn rundt eit lite bord med lys. Det er svært effektfullt og gir ei spesiell stemning. Dei filosofiske samtalene skal maksimum vare i 20 minutt.

Under dei filosofiske samtalene har ein i personalet hatt ansvar for å planlegge og gjennomføre samtala, medan ein annan har hatt ansvar for å skrive ned samtala. Utskriftene er etterpå blitt samla i ein perm på avdelinga, slik at alle vaksne, også frå dei andre avdelingane, har høve til å lese dei. Dette gir alle høve til å drøfte gjennomførde samtaler i etterkant. Utskriftene fungerer også som ei datakjelde for prosjektet. Den som har gjennomført den filosofiske samtala har også skrive refleksjonslogg i etterkant, men dette har ikkje skjedd ved alle samtaler. Loggane utgjer også ein del av datamaterialet.

Skisse til arbeidsmodell

På personalmøtet i midten av februar 2005 hadde vi ein gjennomgang av det vi hittil hadde gjort i prosjektet, og ein ny runde med erfaringsutveksling. Personalet sine erfaringar er nok framleis varierte, men mange seier også at dei no er tryggare på si eiga rolle. Dei fortel at barna likar desse samtalene som no er eit fast innslag i vekeaktivitetane. Ein av personalet fortel at barna gledar seg til den planlagde filosofiske samtala, og refererer til barnet som kom med dette utsagnet: ”*Skal vi ikkje snart ha sofiesamtale?*”

Personalet gir uttrykk for at det er i dei spontane filosofisamtalene at dei lukkast best. Dei er enklare å forhalde seg til, ofte er samtala berre med eit barn. Desse samtalene kan ein ikkje i same grad dokumentert, fordi dei oppstår der og då – og ein har ikkje ein ”skrivar” tilgjengeleg. Mange skriv ein refleksjonslogg i ettertid, sjølv om denne ikkje refererer heile samtala. Anerkjennande kommunikasjon er no i fokus for alle vaksne når dei samtaler med barna, og den vaksne er medviten om mange sider ved gode og mindre gode dialogar.

Alderen på barna betyr noko på fleire måtar. Det er lettare å ha ei planlagd, filosofisk samtale med dei eldste barna (4-5-åringane). Deira språklege kompetanse er større enn hos dei yngre barna, og dei kan delta i samtaler over lengre tidsrom. Dei kan også halde fast på det same temaet over tid. Personalet presiserer likevel at dei yngste barna også er gode til å undre seg og bruke fantasien, men at assosiasjonane her går meir i ”aust og vest”. Vidare er det lettare å få til ei god samtale i ei lita gruppe på 4-5 barn, enn i større grupper på 10-12 barn. Lettast er det å lukkast i samtaler med berre eit barn, under føresetnad av at ein har tid og ikkje vert forstyrra av andre barn eller vaksne. Vi arbeidde også i grupper der personalet drøfta Karin Muris³ sin modell for filosofiske samtaler, ein modell som vi vart presenterte for på seminaret i Oslo året før.

Oppsummerande kan arbeidet vårt illustrerast gjennom denne skissa til ein arbeidsmodell som vi vil eksperimentere vidare med. Vi ser arbeidet med dei yngste og dei eldste barna i barnehagen i samanheng med det seinare arbeidet i skulen. Det er viktig å vere medviten om at den faglege basisen som arbeidet bygger på, er felles. For å illustrere dette har vi sett sentrale

³ Karin Muris var førelesar på dagsseminaret ved Høgskulen i Oslo, desember 2003.

stikkord inn i skissa nedanfor. Skissa gir eit oversyn over måten vi for tida arbeider med filosofisamtaler i barnehagen.

Skisse til arbeidsmodell - filosofisamtaler ved Torvmyrane barnehage og skule

Skulen:	<u>"Odense-modellen"</u> - filosofisamtale kvar dag		
Barnehagen: dei eldste barna	<u>Spontane filosofisamtaler</u> <u>Planlagde filosofisamtaler</u> – med og utan planlagde spørsmål <u>Utprøving</u> av ein tilpassa Karin Muris' modell		
Barnehagen: dei yngste barna	<u>Spontane filosofisamtaler</u> (alle har minst ei slik i veka i ein periode) <u>Planlagde filosofisamtaler*</u> - utan planlagde spørsmål		
Basis:	<i>Filosofi</i> <i>Undring</i> <i>Fantasi</i>	<i>MI⁴</i> <i>Språkleg kompetanse</i> <i>Reggio Emilia-tenking</i>	<i>Anerkjennande kommunikasjon</i> <i>"Den gode samtalen"</i>

Grøn sone er fundamentet eller basisen vår, og denne er felles for barnehage og skule. Den er tufta på tankane våre om korleis barnehagen og skulen kan gi best støtte til barnet si utvikling. Utover generell pedagogisk innsikt og fagleg kompetanse, er tankar frå Reggio Emilia-pedagogikken (Barsotti 1986 og 1997, Jonstoj og Tolgraven 2003) og Howard Gardners tankar om mange intelligensar (Armstrong 1999, Thestrup og Madsen 2002) sentrale inspirasjonskjelder i det daglege arbeidet med barna. I dette prosjektet er fokus retta mot desse aspekta: anerkjennande kommunikasjon (Bae 1996 og 2004), den gode samtala, filosofi, undring, fantasi og språkleg kompetanse. Når vi arbeider med filosofi må ein arbeide på litt forskjellig måte med dei yngste (*blå sone*) og dei eldste barna (*raud sone*), då barna sin språklege kompetanse og utvikling er forskjellig.

Det er viktig å understreke at for Torvmyrane skule og barnehage er barnet det sentrale. Det er barnet som no går i barnehagen, som seinare skal gå i skulen, difor er det viktig å sjå på utviklinga som ein heilskap. Torvmyrane har felles utviklingsplan og handlingsprogram for både barnehage og skule. Vi har synleggjort dette i skissa ovanfor, der *gul sone* representerer skulen. I barnehagen arbeider vi på ein annan måte med dei filosofiske samtalene enn i

⁴ MI står for Mange Intelligensar. Ordet skriv seg frå Howard Gardner og refererer til hans omgrep "multippl intelligens". Eg viser til meir omtale hos Armstrong (1999) og Thestrup og Madsen (2002).

skulen, men vi har ein felles tanke om å utvikle barnet sin språklege og mentale kompetanse slik at vi styrkje barnet si utvikling, både i barnehagen og i skulen.

Den vaksne si rolle

Alle i personalet har systematisk prøvd ut både planlagde og spontane filosofisamtaler med barna. Likevel er dette samtaler som det tek tid før ein blir trygg på - trygg i samtalesituasjonen. Somme kastar seg lettare utpå og prøver, enn andre. Mange opplever det vanskeleg i starten, men seier at dei vert tryggare di meir erfaring dei får. På bakgrunn av drøftingar i personalet har vi sett opp desse måla for dei vaksne:

Mål

- for den vaksne som samtalepartner:

- Bli gode samtalepartnarar – lære seg god samtaleteknikk
- Bevisstgjere seg i forhold til å vere anerkjennande i kommunikasjonen
- Bli gode lyttarar til det barnet seier
- Vise respekt for barna og deira opplevingar og meiningar
- Stimulere dialogen mellom barn - barn under samtala

Med bakgrunn i erfaringane og diskusjonane våre, har vi også prioritert enkle, praktiske delmål for den filosofiske samtala med barna. I den øvings- og eksperimenteringsfasen vi er i no, er det også viktig å minne seg sjølv om dette:

Mål

- vi fokuserer på i den filosofiske samtala:

- Barna skal bli vande med - og trygge på - å uttrykkje seg i ein gruppe-kontekst.
- Barna skal oppleve at andre lyttar til det dei sjølve har å seie
- Barna skal lære å lytte til andre og vise respekt for det dei har å seie
- Barna skal oppleve anerkjenning i forhold til det dei uttrykkjer – både språkleg og opplevingsmessig
- Samtalene skal stimulere barna til undring og tenking rundt tema som ikkje har "rette" svar
- Samtala skal stimulere barnas fantasi
- Samtala skal vere språkstimulerande både i forhold til utviding av ordtilfanget og det å formulere seg munnleg

Å gjennomføre ei filosofisk samtale med barna er altså noko ein må øve seg på. Det er ikkje ein vanleg dialog, ikkje den måten vi til vanleg samtaler med barn på. Den vaksne får ei ny og uvant rolle. Ved at vi har hatt fokus på filosofi og kommunikasjon i prosjektet, har personalet fått auka innsikt i "den gode samtala", og i kor forskjellige samtaler kan vere.

Ut frå dei oppsette måla, er det visse sider ved samtala vi ynskjer å legge vekt på. Med utgangspunkt i modellen frå H C Andersen skulen (Nielsen og Vestergaard 2003), har vi laga oss ei liste med "samtalereglar" til hjelp for den vaksne. Vi må vere medvitne om desse "reglane", øve oss på å ivareta dei i samtaler med barna, og etter kvart få dei "under huda" og bli gode til å ta omsyn til dei ulike punkta når vi er i ei filosofisk samtale.

Samtalereglar for vaksne

- Ikkje avbryt barna
- Lytt til det dei seier
- Ikkje tving barna til å følgje ein bestemt hovudidè - unngå manipulering
- Still opne, romslege spørsmål
- Stimuler til dialog og få flest moglege barn til å delta i samtala
(t.d. gjennom spørsmål tilbake til barna: "Det syns/meiner Per. Kva syns/meiner du, Kari?", "Kvifor trur du det?")
- Oppmuntre barnet til å fullføre si eiga tankerekkje
- Stimuler barna til undring ved å "fange" barna sine eigne undrings-spørsmål, men også kome med undringsspørsmål sjølv
- Slutt av før barna blir lei!

Dei vaksne har undervegs i prosessen ofte gitt uttrykk for at det er interessant og spennande å arbeide med sin eigen kommunikasjon knytt til filosofiske samtaler med barna. Ein vaksen skriv denne kommentaren på spørjeskjemaet no i vår: "Jeg synes vi er heldige. Hvilke andre yrkesgrupper kan få lov til å gå rundt å fabulere og undre seg i løpet av en arbeidsdag, slik dette prosjektet har gitt oss mulighet til?" Når ein opplever det slik, trur eg det skapar større trivsel for alle i barnehagen.

Filosofisk samtale med 5-åringar - etter modell av Karin Muris

Karin Muris, filosof og pedagog frå England, hadde eit seminar i Oslo 28. november 2003. Muris har arbeidd spesielt med små barn med utgangspunkt i biletbøker. Eg deltok på seminaret, dessutan var to pedagogar frå barnehagen ved Torvmyrane skule med, samt inspektør for skulen. Muris demonstrerte for oss ein modell til bruk ved filosofiske samtaler i småskulen - med hjelp frå elevar ved Den engelske skulen i Oslo. Modellen er også beskriven av Haynes (2002:94)

Vi er i gang med å prøve ut denne modellen med dei eldste barna i barnehagen. Ikkje for at dette skal vere ein modell ein skal nytte heile tida, men den kan nyttast som variasjon. Vi har tilpassa modellen til barnehagebruk og laga oss ei skisse som er vist i ramma nedanfor. Samtala varer mellom 40-90 minutt. Hos oss vil ein vaksen ha ansvaret for gjennomføringa og ein annan for å skrive ned observasjonar, både brokker av det som vert sagt, og samhandlings-sekvensar V-B, B-B, og enkeltbarn si agering osv.

Skisse til filosofisk samtale etter modell av Muris

1. Den vaksne presenterer ei biletbok
2. Barna får utdelt ark og fargeblyantar og teiknar noko frå historia
3. Barna går saman to og to og fortel kvarandre kva dei har teikna
4. Dei to barna lagar spørsmål (1-2) til historia eller relatert til teikninga si
5. Alle spørsmåla frå gruppa vert nummererte og skrivne ned på flip-over el l – slik at barna ser dei
6. Ein diskuterer kva spørsmål ein skal starte med å filosofere over
7. Diskusjonen varer i så mange dagar som det er aktuelt for barna, kanskje ynskjer dei også å høyre historia om att.....

Denne modellen kan også gjerast enklare ved berre å bruke nokre av punkta, evt. la prosessen gå over to dagar. Når ein nyttar denne modellen for samtale, vert det svært viktig å velje eit godt utgangspunkt til bruk ved samtala. Det kan vere ei bok eller eit eventyr. Døme på biletbøker vi har god erfaring med er ”Fredrik” av Leo Lionni og ”Verden har ingen hjørner” av Svein Nyhus. Maurice Sendak si biletbok ”Til Huttetuenes land” kan også fungere godt i ein slik samanheng.

Ein må på førehand vere heilt sikre på at alle barna veit kva eit spørsmål er for noko, eller kva omgrepet ”å lure på noko” tyder. Dette kan til dømes gjerast i ei filosofisamtale på førehand, og arbeidast vidare med i det daglege om ein trur at enkelte barn er usikre på omgrepa. Ein kan bevisstgjere barna ved å gjere dei merksame på når dei kjem med spørsmål: ”Å, der sa du eit spørsmål, du sa: ”Kva tid kan me lese?” Det er eit spørsmål som eg kan svare deg på.” Barna vil då raskt lære seg å identifisere kva spørsmål er for noko.

Vurdering av prosjektet

Utgangspunktet og målet for prosjektet var å utvikle samtala mellom barn og vaksne i barnehagen til eit verkty som styrkjer barna sitt sjølvbilete og språklege utvikling, og som stimulerer barnet til læring, bruk av fantasi og undring. Samtala skal også vere ein måte å arbeide med sosial kompetanse på, der barna utviklar haldningar, verdiar og korleis ein skal opptre overfor kvarandre.

Problemstillinga vi har arbeidd ut frå var denne: *Korleis kan vi utvikle samtala til eit betre pedagogisk verkty i barnehagen – både samtaler generelt og den filosofiske samtala spesielt?* Vi har arbeidd med kommunikasjon og sett fokus på dialogen mellom vaksne og barn. Det var eit hovudmål å auke personalet sin generelle kommunikasjonskompetanse. Ved slutten av prosjektåret er det difor naturleg å spørje: Har vi nådd måla? Har vi fått svar på problemstillinga?

At vi har hatt fokus på anerkjennande kommunikasjon har heilt klart auka personalet sin kunnskap om kommunikasjonsprosessar. Personalet seier at dei no er meir medvitne om si

eiga rolle i samtala, at dei er dyktigare til å fange dei gyldne augneblinkane og at dei er opptekne av å få til gode samtalar. Dei syns arbeidet er interessant og spennande, og dei har auka kunnskapen sin om korleis dei kan samtale med barn på ein måte som støttar og stimulerer barnet si utvikling.

Etterkvart som personalet fekk meir erfaring med planlagde filosofiske samtaler, kom dei fram med tankar om kva som var bra og mindre bra i måten dei gjennomførde samtalene på. Denne innsikta i prosessen gjorde at vi endra litt på "kursen".

Vi erfarte vidare at dei planlagde filosofisamtalene "smitta" over i kvardagen på den måten at det no også her oppstod spontane filosofisamtaler mellom barn og vaksne. I dei spontane samtalene opplevde personalet jamt over at dei lukkast betre enn i dei planlagde, noko som gjorde at vi endra dei planlagde samtalene i retning av at vi ville la vere å lage spørsmål på førehand. I staden ville vi prøve å følgje barna sine tankar på ein meir spontan måte. Det vart eit mål for den vaksne å bli mindre styrande både i dei planlagde og i dei spontane samtalene. Personalet opplevde også at dei gjennom dette vart betre til å lytte til det barna hadde å seie.

Vi endra altså på strukturen på samtalene etter ein utprøvsperiode. Eg trur likevel det var ein nødvendig "omveg" å gå, for det handlar mykje om å bli trygg på seg sjølv, trygg både *på* og *i* situasjonen. Filosofisamtaler med barn er ikkje lett å "gripe" som fenomen, og ein må vere i dei - erfare dei - for å kunne forstå dei. Ein må analysere sine eigne talehandlingar, kjensler og handlingar i situasjonen. Ein må skaffe seg erfaring og innsikt i denne samtaleforma, der ein i stor grad berre har språket som hjelpemiddel. Å planlegge faste tidspunkt for samtalene der alle vaksne etter tur prøvde seg, og det å planlegge spørsmåla dei ville bruke i samtala, var for personalet ein måte å kome i gang på – og dermed skaffe seg erfaring med slike samtaler.

Personalet sine vurderingar

Det følgjande er i hovudsak eit samandrag av svara på spørjeskjemaet som 11 (av16) frå personalet anonymt har svara på i mars/april 2005.

I *den planlagde filosofiske samtala* meiner mange no at det berre er sjølve temaet, og utgangspunktet for dette, som skal planleggjast på førehand. Ein i personalet peikar på at introduksjonen er viktig, ein annan har erfart at samtala blir best når ein tek utgangspunkt i barna sin kvardag, og at sjølve "utgangspunktet" først og fremst må vere spennande og engasjerande. Ein annan seier at det er kjekkast å filosofere når det handlar om noko som heller ikkje den vaksne veit svaret på. Det plar å fenge barna å snakke om kjensler som til dømes "å vere redd".

Samtalene krev mykje av den vaksne, og fleire vurderer det som vanskeleg å styre ei slik filosofisk samtale. Dei syns det er vanskeleg å få med seg alt som vert sagt. Det vert nemnt at det er positivt å vere skrivar og gjennom dette få høve til å observere og lære, men det vert også peika på at det er vanskeleg å få "notert" ned alt, og særleg heile "stemninga" rundt samtala. Enkelte ynskjer seg meir tid til gjennomgang og evaluering i etterkant av samtala.

Den spontane filosofiske samtala opplever personalet som best for både barn og vaksne. Dei syns at dei sjølve lukkast betre i kommunikasjonen her. Ein stiller spørsmål om dette kanskje er fordi det er lettare å sleppe seg laus når ingen andre observerer eller skriv ned det dei gjer? Dei opplever seg også som betre lyttarar i den spontane samtala, for då er dei ikkje så opptekne av sine eigne spørsmål. Dessutan er det færre barn å forhalde seg til samstundes. Ein

person skriv at vedkomande har erfaring for at barn er undrande, viss berre den vaksne klarer å stille dei rette spørsmåla.

Prosjektet har gjort personalet medvitne om korleis dei snakkar med - og lyttar til - barn. Dei er blitt opptekne av kva barna tenkjer, og meiner at også barna opplever meir enn før at dei vert tekne på alvor. Personalet meiner det er viktig å ha fokus på å vere anerkjennande i dialogen med barna, og også at dei sjølve er blitt betre til dette. Dei er no også meir merksame på korleis dei kommuniserer med andre vaksne. Ein skriv at ho/han gjennom prosjektet no er meir reflektert i forhold til si eiga vaksenrolle i barnehagen. Ein annan skriv at ho/han også er blitt meir merksam på kva barna snakkar om – både med dei vaksne og med andre barn. Fleire understrekar det som positivt at dei no som personale har ein felles ståstad i barnehagen – eit felles utgangspunkt for å diskutere med kvarandre på tvers av avdelingane.

Mange i personalet gir uttrykk for at dei meiner at barna også er blitt betre til å lytte og til å setje ord på tankar og meiningar, og også forstå at ulike meiningar ikkje alltid tyder at nokon har feil. Barna tør å fantasere meir, dei er meir undrande og kjem sjølve med filosofiske spørsmål. Ein refererer til ein femåring som sa: *”Du (navn)? Eg har lurt på ein ting...”* Barna er blitt flinkare til å samtale seg i mellom, og til å prøve å løyse konflikter gjennom argumentasjon. Barna likar dessutan å delta i dei faste samtalene.

Det er lite negative utsegner frå personalet, når ein ser bort frå at mange tykkjer det er vanskeleg å lukkast i dei planlagde filosofiske samtalene. Det næraste er ein som meiner at det er ei gruppe i personalet som er meir aktiv og ei gruppe som er mindre aktiv. Vedkomande lurar på korleis ein skal klare å skape så stor tryggleik i personalgruppa at alle torer å kome med sine synspunkt? Kanskje ein skulle lage smågrupper der dei aktive er på grupper for seg, og dei mindre aktive for seg – og at ein her diskuterer erfaringane ein har? Kan det vere slik at somme vert overkøyrd og melder seg ut, er blant spørsmåla denne informanten stiller.

I si vurdering meiner Brunsvik at ein gjennom prosjektet har kome eit godt stykke vidare når det gjeld filosofiske samtaler med barn, men *”likevel kjenner vi oss i startgropa og vi har framleis eit stort uutnytta handlingsrom. For å dyktigjere og forbetre oss i filosofisamtaler med barn krev det trening og kompetanseheving i form av kurs, litteratur, etter- og vidareutdanning.”*

Konklusjonar – og tankar om vegen vidare

Den systematiske utprøvinga av filosofiske samtaler og av anerkjennande kommunikasjon også i ”vanlege” samtaler har ført til at personalet har fått auka kompetanse og er blitt meir medvitne i sin måte å samtale med barn på. Dei reflekterer no meir over korleis dei kommuniserer med barna og måten dei stiller spørsmål på. Mange seier at dei no tenkjer seg meir om før dei svarar, dei stiller spørsmål tilbake til barna slik at barna får høve til også sjølve å reflektere eller filosofere over sine eigne spørsmål. Likevel er arbeidet personalet gjer med sin eigen væremåte og refleksjon over eigne tale-handlingar noko som tek tid. Mange kjenner seg framleis usikre, særleg i forhold til å planlegge filosofisamtaler. Dette krev både medvit, øving, erfaring og refleksjon.

Personalet vurderer at barna gjennom prosjektet er blitt betre til å lytte og setje ord på tankar og meiningar. Dei torer å fantasere meir, er meir undrande og flinkare til å samtale seg i mellom. Dei meiner også å sjå at barna no oftare prøver å løyse konflikter gjennom argumentasjon. Barna likar dessutan å delta i dei faste samtalene.

Eg meiner vi i stor grad har oppfylt måla vi hadde for prosjektet dette året. Likevel skal det understrekast at ein framleis er på veg, og at ein vil halde fram med å prøve ut nye idéar i arbeidet med å utvikle den filosofiske samtala til eit godt verktøy i barnehagen.

Barnehagen ved Torvmyrane skule vil halde fram arbeidet med filosofering med barna og gjere dette til ein fast del av vekeplanen. Dei vil ha faste filosofisamtaler med dei eldste barna og samtidig gripe dei gode stundene eller her-og-no-situasjonane i barnehagen til å kunne filosofere med ei lita gruppe barn eller med barn åleine. Det skal også nemnast at pedagogisk leiar i Friluftsgruppa har søkt Utdanningsforbundet om prosjektmidlar til vidare utvikling av arbeidet med filosofering med barna.

For tida er forslaget til ny Rammeplan for barnehagen ute på høyring. Her vert det føreslege eit nytt fagområde som heiter "Religion, etikk og filosofi", og det vert beskrive på denne måten: *"Gjennom arbeidet med området religion, etikk og filosofi skal barnehagen bidra til at barna*

- *tilegner seg samfunnets grunnleggende normer og verdier*
- *får erfare at grunnleggende spørsmål er vesentlige, ved at det gis anledning og ro til undring og tenkning*
- *blir kjent med, får kunnskap om og erfaringer med religion, etikk og filosofi som del av kulturen og samfunnet*

For å arbeide i retning av disse målene må personalet i barnehagen

- *skape rom for undring, ettertanke og gode samtaler*
- *utvikle respekt og forståelse for andre mennesker*
- *være seg sitt etiske ansvar bevisst som formidlere og sørge for at barnehagens verdier gir retning for barnehagens praksis" (BFD 2005:22-23).*

(NB! Berre punkt som er relevante for dette prosjektet er tatt med her)

Dersom dette forslaget til ny Rammeplan for barnehagen vert vedteken, vert arbeidet med filosofi gjort forpliktande å arbeide med. Då burde personalet ved Torvmyrane vere godt rusta for vidare arbeid etter å ha prøvd ut filosofisamtaler med førskulebarn i to år.

Avslutningsvis vil eg sitere Brunsvik: *"Å filosofere med barn er ei stor utfordring fordi det ikkje finst konkrete svar på spørsmåla som kjem opp. Vi må ta oss tid til å dvele ved alle synspunkta til barna, og vise at vi verkeleg tek det dei seier på alvor. Barn kan stille spørsmål ved ting som vi vaksne for lengst har godteke" (Brunsvik 2004:17).*

Det skal også nemnast at det ved HSF/ALI er sett i gang arbeid med planar for ei modulbasert vidareutdanning for lærarar i temaet filosofering med barn (60 stp), noko Torvmyrane skule og barnehage har vore ein sentral pådrivar for å få til. Vona er at det første kurset på 15 stp kjem i gang i vårsemesteret 2006.

Litteratur

- Aamodt, I (2003) *Pulverheksa på Frossenfjell*. Oslo: Omnipax
- Armstrong, T (1999) *Mange intelligenser i klasseværelset*. Humlebæk: Adlandia
- Bae, B (1996) *Det interessante i det alminnelige – en artikkelsamling*. Oslo: Pedagogisk Forum
- Bae, B (2004) *Dialoger mellom førskolelærer og barn – en beskrivende og fortolkende studie*. Avh. for graden dr. philos, Det utdanningsvitenskapelige fakultet, Universitetet i Oslo
- Barsotti, A (1997) *Skapende kommunikasjon i Reggio Emilia*. Oslo: Pedagogisk Forum
- Barsotti, A (1986) *Staden och regnet. Et temaarbeite på daghem i Reggio Emilia steg för steg*. Italia: Mediedamfilm AB.
- BFD (1996) *Rammeplan for barnehagen*. Q-0903 N. Oslo: Barne-og familiedepartementet
- BFD (2005) *Etikk, religion og filosofi*. I høyringsbrev av 7.sept.: *Revidert Rammeplan for barnehagen*, kap.6:pkt.6.6. Oslo: Barne-og familiedepartementet
- Brenifier, O (2004) *Bare spør! Metoder for samtale i klasserommet*. Oslo: Cappelen akademisk forlag.
- Brunsvik, S (2004) *Filosofi med barn*. Barnehagen. Tidsskrift for barnehagefolk, no 8:16-18
- Brunsvik, S og M Engeland (2003) *Filosofi med barn*. Prosjektoppgåve, PUB-studiet, Sogndal: Høgskulen i Sogn og Fjordane
- Børresen, B og B Malmhøster (2003) *La barna filosofere. Den filosofiske samtale i skolen*. Oslo: Høyskoleforlaget
- Haynes, J (2002) *Children as Philosophers. Learning through Enquiry and Dialogue in the Primary Classroom*, London: RoutledgeFalmer
- Hovlund, DE (2004) *Lærer dere barna å tenke I barnehagen nå? Filosofi med barn i barnehage*. Hovedfagsoppgave. Tromsø: Det samfunnsvitenskapelige fakultet
- HSF (1999) *For mening og mangfold*. Innstilling frå fou-utvalet, Sogndal: Høgskulen i Sogn og Fjordane
- Jonstøij, T og Å Tolgraven (2003) *Hundre måter å tenke på. Om Reggio Emilias pedagogiske filosofi*. Oslo: N V Damm & Sønn
- Kunnskapsforlaget (2005) *Bokmålsordboka*. (www.ordnett.no 02.06.05)
- Lionni, L (1971) *Fredrik*. Til norsk ved Jo Tenfjord. Oslo: Gyldendal
- Moy, ILL (2005) *Filosofi med barn*. Barnehagefolk no 1:64-65
- Nielsen, S og E Vestergaard (2003) *Etikk og læring. Den etiske metode i teori og praksis*. Vejle: Kroghs Forlag
- Nyhus, S (1999) *Verden har ingen hjørner*. Oslo: Gyldendal Tiden
- Olsholt, Ø og A Schelderup (2005) *Filosofisk barnehageprosjekt i Bærum*. Barnehagefolk no 2:76:81
- Schibbye, A-L L (2002) *En dialektisk relasjonsforståelse i psykoterapi med individ, par og familie*. Oslo: Universitetsforlaget
- Sendak, Maurice (1970) *Til Huttetuenes land*. Til norsk ved Anne-Cath Vestly. Oslo: Cappelen
- Thestrup, M og P Madsen (2002) *De mange intelligenser – i børnehaven*. Frederikshavn: Dafolo Forlag
- Torvmyrane skule (2005) *Torvmyrane skule - handlingsprogram for 2005*.
- Torvmyrane skule (2004) *Filosofi i grunnopplæringa*. Brev til fylkesmannen i Sogn og Fjordane av 07.12.04
- UFD (2003) *Statsbudsjettet for 2004 kap. 274. Høgskulen i Sogn og Fjordane – tildelingsbrev for 2004* av 17.12.03. Oslo: Utdannings- og forskningsdepartementet.

Vedlegg

1. Refleksjonslogg til veke 46: Personalmøte 9. november
2. Filosofiske samtaler – eksempel
3. Spørjeskjema - erfaringar

Refleksjonslogg – anerkjennande kommunikasjon

Skriv om minst to samtaler:

- ei som du syns gjekk bra, du opplevde det som ei god samtale
- ei som du syns gjekk mindre bra, du var ikkje fornøgd med samtala.

Fortel kort om situasjonen rundt samtala, kva som vart sagt (du treng ikkje referere ordrett) og refleksjonane dine etterpå: kvifor trur du det vart ei god/mindre god samtale, hadde det for eksempel mest med deg, med barnet, eller med sjølve situasjonen å gjere?

Du bestemmer sjølv kor mykje du vil skrive, men det treng ikkje vere meir enn 10-12 linjer (+/-)

Filosofiske samtaler

Eksempel på planlagde filosofiske samtaler

Eks. I

Deltakrarar: 6 barn, 1 vaksen

Samtala fann stad etter at ein hadde lese boka ”Pulverheksa på Frossenfjell”⁵

V: Då Pulverheksa møtte Grønnskollingen var alle skispora han hadde laga vekke.

Veit de kor dei blei av?

B: Det er snøen som har tatt dei

B: Det er tyven som har tatt dei

B: Snøen tetta dei, sånn at alle ballane i lufta dryssa ned på fotspora og tetta

B: Eg veit kor dei blei av. Først for dei i lufta og så tetta dei

V: Kva skjedde med snømannen trollungane laga?

B: Den smelta i sola

B: I regn

B: Tyven tok den

B Tar vi snømannen inn, då smeltar den

V: Kva hadde skjedd med suppa til suppegjøken?

B: Tyven har tatt den. Tyven trodde det var ei drikkeflaske og drakk den opp

B: Tyven tok stein over slik at den blei kald

B: Han spiste opp alt og la ein rød stein i

V: Finst det røde steinar?

B: Vi kan male dei

B: Fuglane kan hakke dei opp og ...

(Logg november 2004)

Kommentar:

Samtaleutskrifta viser kor lett ein i ei planlagd samtale kjem til å stille spørsmål som har ”rette” svar. Mot slutten opnar samtala seg mot meir filosofiske spørsmål.

⁵ Aamodt, I (2003) Pulverheksa på Frossenfjell.

Eks. II

Tema: Å vere glad

Heile barnegruppa på 12 barn deltok i samtala.

Den vaksne hadde ein kort introduksjon ved å repetere litt ifrå boka om Heidi: Heidi blei glad når ho kom attende til bestefaren. Og bestefaren blei glad for å sjå ho att. Peter blei også glad når ho kom tilbake. Alle blei glade når Klara som satt i rullestol kunne gå sjølv.

V: *Korleis kan vi sjå at nokon er glad?*

B: *Når nokon lurar*

B: *Nokon ting kan vi bli glade for*

B: *Vi kan vere venner*

V: *Er vi glade når vi er venner?*

B: *Ja*

Pause

B: *Når pappa ikkje har låst døra*

V: *Korleis kan vi sjå at nokon er glad?*

Pause

V: *Når vi var i Trollia i går var vi glade då?*

B: *Ja, når vi laga pinnebrød*

B: *Å skli i skiten var kjekt*

B: *Vi er ikkje glade når nokon øydelegg.*

B: *Å lure folk er kjekt*

B: *Pappa blir glad når han kan klippe med maskina si, eg blir glad når eg får låne maskina og klippe gras åleine*

B: *No er vi ferdig*

V: *Kor tid blir vi glade?*

B: *Når eg ligg på mamma og kjenner at hjertet til ho dunkar*

B: *Når det blir snø*

B: *Når det blir sol*

B: *Når eg får besøke nokon*

B: *Vi var glade når vi fekk kake*

B: *Å få sjå på kanina*

Etterpå ville barna at den vaksne skulle lese alt som dei hadde sagt, og dette vart gjort.
(Logg november 2004)

Eksempel på spontane, ikkje planlagde filosofisamtaler

Eks. I

Filosofisamtale ved måltidet med ein gut på 5 år.

- Gutt: Du har knekkebrødet feil vei!*
Voksen: Åh, hvordan kan du si det?
Gutt: Se på mitt da, det er helt riktig.
Voksen: Hvorfor er din side mer rett enn den sida jeg har?
Gutt: Jo, fordi mamma har det sånn.
Voksen: Ja vel, men smaker mitt og ditt knekkebrød forskjellig, fordi vi ikke har pålegget på samme side?
Gutt: Ja ha!
Voksen: Kan du prøve og ha knekkebrødet ditt sånn som meg i morgen, så kjenner du etter om det smaker annerleds?
Gutt: Nei, det er feil.

Den voksne henter ei skive med kvitost...

- Voksen: Se på den hvitostskiva, hvilken side er rett?*
Gutten pekte på baksida.
Den voksne tok osten bak ryggen, fram igjen.

- Voksen: Enn nå da, hvilken side er rett?*
Gutten pekte bak på osteskiva, og viste hvordan den skulle ligge på knekkebrødet for at det skulle bli rett.

Den voksne sin refleksjon i ettertid:

*En artig filosofisamtale som oppstod rundt måltidet. Gutten hadde sin mening om hva som var rett side på knekkebrødet. Jeg følte at jeg stilte spørsmål som skulle fremme både undring og refleksjon. Artig å få ta del i sånne hverdags-undringar og barns oppfatninger av hva som er rett og galt på et knekkebrød! Og ikke minst guttens måte og tenke på!
(Logg oktober 2004)*

Eks. II

Den vaksne refererer situasjonen:

*Det var nokre gutar i frå 1. klasse og to jenter i frå friluftsgruppa som diskuterte kor det var lengst å reise. Gutane meinte det var lengst å reise til Spania, medan jentene meinte det var lenger å reiste til Brasil. Etter ei stund såg dei på meg og lurte på kva eg minte om kor det var lengst å reise. Eg svara dei med eit spørsmål: ”**Ja, korleis skal vi finne det ut?**” Ei av jentene svara: ”**Vi kan berre sjå på klokka.**” Eg svara dei at ”**det var ein god idé.**” For barn i denne alderen kan tidsomgrepet vere vanskeleg å forstå, men ved å svare at ein berre kan sjå på klokka, så hadde jenta klart føre seg at klokka er noko som ein finn ut kor lang tid det tar med fly til Spania og Brasil. Då kunne vi finne ut kor det tok lengst tid å reise, og såleis finne ut kva for eit land det var lengst å reise til. (Logg, desember 2004.*

Eks III

Ein vaksen og fire barn (jente 4 år, gut 4 år, jente 5 år, jente 6 år) gjekk til eit grupperom med boka ”*Frosken finn ein skatt*” + teikneblyantar og ark. Dei plasserte seg rundt bordet, og den vaksne les boka om frosken som grov eit så djupt hol saman med vennene sine, at han trong hjelp for å kome seg opp att. Han finn ingen skatt, berre stein. Etter at boka var lese – med pausar der ein såg på bileta og prata saman, fekk dei kvar eit ark og den vaksne bad dei teikne skattar. Teikningane vart svært ulike: steinar, pengar, diamantar og fargeglade rundingar.

Den vaksne fortel vidare:

*Først var alle svært konsentrerte om si eiga teikning, så begynte dei å sjå på sidemannen, kommentere og spørje: **Kunne dette vere skattar?** Eg oppdaga at dei hadde starta ei filosofisk samtale. Det var vanskeleg å halde seg i bakgrunnen og ikkje gripe inn for å hjelpe dei vidare. Eg klarte det – og samtala gjekk av seg sjølv. Plutselig seier gut 4 år: **Du, no er det lenge sidan ho har sagt nokke. Kan ikkje du gje ho ordet?** Det gjorde eg, og trakk meg ut av samtala igjen. Og samtala heldt fram. Ordet gjekk fritt mellom barna. Dei trong ikkje hjelp frå meg til å definere kva ein skatt var, sjølv om alle teikningane var ulike. Dei tok tur i samtala, og veksla mellom å snakke og lytte. Dei brukte no meg til å kome inn i samtala att ved å be om ordet eller rette opp handa, dersom dei ikkje var raske nok til å ta ordet sjølv. Ordet filosofisk samtale var ikkje nemnt på førehand, og dette var ein for dei uvanleg ”setting” for slikt. Likevel kjende dei att situasjonen og nytta seg av dei reglane vi nyttar i ei planlagd filosofisk samtale. (Logg februar 2005)*

***Merk:** I spørjeskjemaet til personalet var det lagt inn eit ope rom for svar under dei ulike punkta 1-7.*

Til personalet i Torvmyrane barnehage

Erfaringar frå filosofiprojektet vårt

Denne hausten og vinteren har vi systematisk prøvd ut planlagde filosofisamtaler med barna i små og store grupper med både yngre og eldre barn. Vi har også prøvd oss på spontane filosofisamtaler av den typen som oppstår i kvardagen. I tillegg har vi arbeidd med å bli meir anerkjennande i vår kommunikasjon med barna. Vi har diskutert om det er forskjell på filosofisamtaler og vanlege samtaler med barn, og kva forskjellane eventuelt er. Somme har også laga sosiogram under dei planlagde filosofisamtalene.

I samtalene den 14. og 15. februar kom det fram mange tankar og erfaringar som de har gjort, men det er vanskeleg å få notert ned alt. Dessutan var eg ikkje med i alle gruppene, så eg har heller ikkje høyrte alt. Eg treng difor hjelp frå kvar enkelt av dykk, ved at de skriv ned erfaringar og tankar frå arbeidet vi har gjort til no. De kan skrive på "skjemaet" eg har laga, eller på eigne ark, berre de skriv litt om alle punkta. Dersom de kjem på noko i tillegg til dei 7 punkta, er eg takksam for det også. De kan skrive lite eller mykje, og de treng ikkje setje namn på.

Eg er glad for alle kommentarar, tankar, og evt. eksempel de har - både det som er positivt og det som er negativt eller opplevst vanskeleg!!!

Eg ber om at de leverer det de har skrive til Sissel før onsdag 16. mars 2005.

Helsing Synneva

Skriv om erfaringar og tankar du har i forhold til desse 7 punkta:

- 1. Dei planlagde filosofisamtalene:**
 - som ansvarleg for samtala
 - som skrivar/observatør
- 2. Spontane filosofi- eller undrings-samtaler**
- 3. Anerkjennande kommunikasjon**
- 4. Erfaringar med bruk av sosiogram** (– viss du har det)
- 5. På kva måte syns du filosofiprojektet har hatt noko å seie for deg/din væremåte i forhold til arbeidet i barnehagen**
- 6. På kva måte syns du det har hatt noko å seie for barna?**
- 7. Trur du filosofiprojektet har hatt noko å seie for heile personalet - samla sett? I så fall korleis?** (t.d. for samarbeidet, kommunisjonen på avdelinga/på tvers av avdelingar, eller anna?)